



Business region Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2997 - 15/22894

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
22.06.2015

Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020)

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Business region Bergen

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
058/15	Kommunestyret	PS	18.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	14/2997

Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020)

Vedlegg:

BRB_SN2015_singel_K6BRB_SN2015_tiltak_K7Samlet høyringsuttale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune gir si tilslutning til Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 inklusive tiltak for 2015-2016. Kommunen vil søka å innarbeida planelementa i eigne kommunale planer der relevant.
2. Lindås kommune anbefaler at følgjende elementer legges til som tilleggsuttalelse til planutkastet:
 - a. Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) må sjåast i samanheng med interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland (under arbeid)
 - b. Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) må sjåast i samanheng med eksisterande næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020)
3. Lindås kommune vil følgje opp følgjande under videreføringa i eigen handlingsplan:
 - a. Organisasjonsmodell til kommunal næringsutvikling i Lindås kommune vert bestemd ila sommar/haust 2015, og evt. implementert frå 31.12.2015. Type oppfølging frå Lindås kommune vert bestemd i dette tidsrommet.

Kommunestyret - 058/15

KO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Lindås kommune gir si tilslutning til Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 inklusive tiltak for 2015-2016. Kommunen vil søka å innarbeida planelementa i eigne kommunale planer der relevant.

2. Lindås kommune anbefaler at følgende elementer legges til som tilleggsuttalelse til planutkastet:
 - a. Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) må sjåast i samanheng med interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland (under arbeid)
 - b. Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) må sjåast i samanheng med eksisterande næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020)
3. Lindås kommune vil følgje opp følgjande under vidareføringa i eigen handlingsplan:
 - a. Organisasjonsmodell til kommunal næringsutvikling i Lindås kommune vert bestemd ila sommar/haust 2015, og evt. implementert frå 31.12.2015. Type oppfølging frå Lindås kommune vert bestemd i dette tidsrommet.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 er utarbeida av Business Region Bergen (BRB) på oppdrag frå BRB sine eigarar, gitt i Eigarmøte mars 2014.

Den strategiske næringsplanen er ein vidareføring av Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014.

Strategisk næringsplan er ein plan for kva det offentlige kan gjere for å tilrettelegge for god næringsutvikling i regionen. Det vil sei at planen er kommunenes strategiske verktøy – ikkje næringslivets. Hovudgrepet i planen er korleis kommunane i Bergensregionen og Hordaland fylkeskommune best mogleg kan leggje til rette for at næringslivet i regionen skal kunne vekse og utvikla seg på ein god, lønnsam og berekraftig måte.

I Eigarmøte i januar 2015 slo ein fast at kommunane ynskja ein behandling av planen i to etappar:

1. Fyrst forslag til plan ut til høring for formannskapa i kommunane samtidig med generell høring. Moment frå høyringsrunden er no innarbeida i justert planforslag som nå vart lagt fram for endeleg vedtak i kommunestyrene.
2. For at handsaminga av eit så stort antall vedtak skal være handterbar, og for å unngå «fleire runder» er det eit ynskje frå BRB, som koordinerande instans, at ein innrettar handsaminga etter følgjande mal for vedtak:
 - I fyrste punkt anmodast kommunane om å ta stilling til om dei kan slutte seg til hovudtrekka i næringsplanen eller ikkje.
 - I andre punkt tar kommunane eventuelt inn dei elementa dei meiner manglar som bør følgje planen som eit tillegg.
 - I tredje punkt tar kommunane eventuelt inn dei elementa dei meiner bør følgjes opp frå kommunen sjølv i eigen handlingsprogram.

Forankring i formannskapet

Formannskapet slutta seg til hovudtrekka i strategisk næringsplan for Bergensregionen i FO-vedtak 015/15. Det var i forkant av møtet i formannskapet skriven ei saksframstilling, og det

vart også ein politisk diskusjon etter presentasjonen til BrB. Ein høyringsuttale vart skriven og tilsendt BrB som følge av saksframstilling og politisk diskusjon, referat frå denne høyringsuttalen er på dei neste sidene:

Til:
Business Region Bergen



Sakshandsamar:
Øystein Sørhaug
Felles næringsjef Lindås/Austrheim kommunar
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Kopi:
Ordfører i Lindås kommune
Rådmann og ass.rådmann i Lindås kommune

Dato:
16.03.15

HØYRINGSUTTALE STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN 2015-2020

Syner til tidligare utsendt strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020, og etterfølgjande presentasjon i Lindås kommune sitt formannskap 05.03.15.

Lindås kommune ynskjer å gi sin uttale til næringsplanen – basert på saksførebuing og formelt vedtak i formannskapet 05.03. Lindås kommune ynskjer også å gi ein skriftleg oppsummering på diskusjonen i sjølve formannskapet.

Lindås kommune ber om at næringsplanen for Bergensregionen 2015-2020 vert oppdatert med innhaldet i dette dokumentet.

Mvh
Øystein Sørhaug

Saksførebuande papirer til formannskap 05.03.15:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/15	Formannskapet	PS	05.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	14/2997

Første gongs handsaming av strategisk næringsplan for Bergensregionen

Vedlegg:

STRATEGISK NÆRINGSPLAN - 12.02.15

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Formannskapet i Lindås kommune tek orienteringa til følgje og støttar strategiane i strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020).

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Lindås kommune er medlem i Business Region Bergen via Nordhordland Utviklingsselskap.

Strategisk næringsplan for Bergensregionen (snb) er utarbeida etter oppdrag frå byrådsleiar i Bergen kommune, ordførarane i dei andre eigarkommunane og fylkesordførar. Mandat vart gitt på Business Region Bergen (BrB) sitt eigarmøte 21.3.2014.

Snb er kommunanes og fylkeskommunens plan for korleis det offentlige skal møte næringslivets behov. Snb er BrB sine eigarkommunars felles strategiske verkøy, som skal sikra at alle kommunane har felles mål og strategiar for næringsutviklingsarbeidet.

Snb er utforma som eit dokument som svarar på næringslivets behov og forventningar innan dei rammer kor det offentlege meiner dei kan bidra. Dette er manifestert i eit sett av fokusområder, med tilhøyrande målformuleringar som kommunane skal ta tak i samla sett og/eller kvar for seg. Det er også utarbeida ein eigen tiltaksdel som skal rullerast kvar andre år.

Snb har blitt skapt gjennom eit utstrakt samarbeid med ulike representantar, deriblant frå kommunane.

Rullering av snb erstattar "næringsplan for Bergensregionen" frå 2010-2014. Denne nye versjonen er vidare forankra i regional næringsplan frå Hordaland fylkeskommune (2013-2017).

Sidan mars 2014 har det vort arbeida med planen. På eigarmøtet 14.1.2015 vart strategisk næringsplan presentert, og eigarane oppfordra BrB til å senda planen ut på første gongs handsaming i formannskapet.

Forslag til ferdig plan sendes ut til endelig handsaming i kommunestyra og i fylkeskommunen medio april månad.

Adm. direktør Ole Hope i BrB, vil gi ein munnleg presentasjon av strategisk næringsplan i formannskapet.

Saksvurdering:

Det er ein klar styrkje at snb er tydelege på kva som er det offentlege si rolle ovanfor næringslivet. Dette gjer det enklare for kommunane å rette inn sin innsats mot dei viktige områda. I snp er det definert fokusområda, som alle synast relevante for kommunane.

Det er vidare fleire regionale planar som har implikasjonar for Lindås og Austrheim kommunar via næringssamarbeidet.

Snb skal danne grunnlag for strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommune (under arbeid). Den interkommunale næringsplanen til Nordhordland Utvikingselskap (under arbeid) skal også danne grunnlag for rullering av Lindås og Austrheim sin eigen næringsplan (under arbeid).

For å trekka ut nokre samanlikningar på overordna mål:

Overordna mål strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) – første gongs handsaming hjå kommunane	Overordna mål regional næringsplan frå Hordaland fylkeskommune (2013-2017)	Overordna mål strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020) – under arbeid
«Bergensregionen skal innen 2025 være ledende i Norge på bærekraftig innovasjon, entreprenerskap og næringsutvikling».	Fleire innovative verksemdar som betre nyttar moglegheiter i marknadene Større del av gründerar som etablerer berekraftige vekstverksemdar	Mongstad skal vidareutviklast som eit internasjonalt leiande industri- og kompetansecluster innan petroleum, energi og industri Nordhordland og Bergensregionen skal verta eit internasjonalt kompetansesenter innan reinseteknologi for CO2 og anna miljøteknologi
	Fleire innovative	Nordhordland skal

	næringsmiljø, der verksemdene samarbeider tettare seg imellom og med FoU-miljø og deira internasjonale kontaktnett Verkemiddelaktørar som enno betre støt opp om berekraftige verksemdar og næringsmiljø Teke naudsynte politiske avgjerdar om (nærings-) areal, utbyggingsmønster og transport som gjev grunnlag for ein berekraftig og konkurransedyktig Bergensregion	styrkast og synleggjerast som eit leiande logistikknutepunkt i Europa Nordhordland skal verta ein attraktiv og føretrakt region for busetting og oppleving Lindås og Austrheim skal vere blant landets fremste næringskommunar
	Fleire døme på meir attraktive tenestetilbod og vekstkraft i næringslivet i regionale senter	

I tillegg kjem overordna mål til den interkommunale næringsplanen i regi av Nordhordland Utviklingsselskap, som enno ikkje er klare. Den overordna målsettinga til strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) er lettfattelig og handgripeleg.

Samanlikningar på strategiar og fokusområde:

Fokusområder strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) – første gongs handsaming hjå kommunane Næringslivets rammevilkår – kommunal- og regionalpolitisk utviklingsoppgave	Strategiar regional næringsplan frå Hordaland fylkeskommune (2013-2017) Meir entreprenørskap og innovasjon	Strategiar strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020) – under arbeid Ny industrireising på Mongstad
Fysisk og sosial infrastruktur Effektive offentlige tjenester Bygge regionalt omdømme	Fleire med relevant kompetanse Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter	Ein synleg og tydeleg region Ein attraktiv bu- og opplevingsregion Aktivt, positivt vertskap
Utdanning og forskning Innovasjon, entreprenørskap og endring		

Ang. punkt 2: «infrastruktur» i strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) – her kunne ein vore tydelegare og meir konkret på påstanden om at «Planforslaget legger til grunn at det er kommunenes ansvar å tilrettelegge for utbygging og utvikling av infrastruktur som møter næringslivets behov både hva gjelder fysisk og sosial infrastruktur». Samstundes inneheld tiltaksdelen eit konkret prosjekt for å «kartlegge og synleggjøre positive og negative effekter av kommunenes praksis med utbyggingsavtaler og rekkefølgebestemmelser knyttet til plan og byggesak, samt skissere forslag til en felles regional strategi for utbyggingsavtaler» (tiltak 4). Ein del konkretiseringar kan fangast opp i eit slikt prosjekt.

Elles er fokusområda i strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) klart relevante for kommunanes arbeid med næringsutvikling.

Ang. punkt 3 «effektive offentlige tjenester» er det nemnd at kommunar og fylket bør følge opp at regionale og nasjonale offentlege arbeidsplassar etablerast i Bergensregionen. Dette er eit viktig punkt, og vart også stykka etter at Produktivitetskommissjonen la fram sin rapport nyleg. Kommisjonen anbefalte satsing på dei store byregionane, inkl. Bergensregionen. Oslo sin dominans kan best balanseras av andre sterke byar, og då vart arbeidet med å få lokalisert offentlege arbeidsplassar i/ rundt Bergensregionen eit viktig tiltak for å skapa lønnsom næringsvekst.

Når det gjeld tiltaksdelen er det fleire prosjekt som er interessante og relevante for kommunane. Tiltaksdelen skal også rullerast kvart andre år.

Handsaming i formannskap 05.03.15:

015/15: Første gongs handsaming av strategisk næringsplan for Bergensregionen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Lindås kommune tek orienteringa til følge og støttar strategiane i strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020).

05.03.2015 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 015/15 VEDTAK:

Formannskapet i Lindås kommune tek orienteringa til følge og støttar strategiane i strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020).

Diskusjon i formannskapet 05.03.15:

Ang. tiltak 4 «kartlegge og synleggjøre positive og negative effekter av kommunenes praksis med utbyggingsavtaler og rekkefølgebestemmelser knyttet til plan og byggesak, samt skissere forslag til en felles regional strategi for utbyggingsavtaler». Dette er problemstillingar som er høgaktuelle og relevante for Mongstad-kommunane Lindås og Austrheim, spesielt eksemplifisert med utbygging på Mongstad-området og i Knarvik sentrum.

Ang. tiltak 6 «etablere Invest in Region Bergen». Her har Lindås kommune gode erfaringar med samarbeid med Business Region Bergen, og ynskjer å vidareutvikle dette. For å lukkast med dette, ser difor formannskapet positivt på ei etablering av «Invest in Region Bergen». Lindås kommune har også gode erfaringar med www.arealguiden.no, som skal vere ein inngangsport for å marknadsføre næringsareal i Bergensregionen. Det er BrB som har utvikla denne også. Desse to tenestane er viktige for Lindås kommune, og som kommunen alt ser positive resultat av.

Formannskapet signaliserte ei interesse av å bli betre kjend med tiltak nr 11 i næringsplanen «Omstilling og endring, saman om aktiv bruk av aktuelle virkemidler». Problemstillinga med omstilling innan O&G er ikkje avgrensa geografisk, og deler av Mongstad-miljøet er/vil bli berørt. Det betyr at Lindås kommune vil vise interesse for eit slikt tiltak, og gjerne delta saman med fleire andre aktørar i dette arbeidet. HOG Energi har også nyleg utarbeida ein overordna rapport for O&G og deira omstillingsutfordringar. Tiltaket må sjåast i samanheng med dette arbeidet.

Formannskapet tok også opp omsorgsteknologiprojektet til Lindås kommune. Prosjektet vert leia av Omsorgsforskning-vest og er finansiert av Regionalt Forskningsfond-vest. Lindåsprosjektet er eit 3-årig FoU-prosjekt kor ein skal sjå på korleis omsorgsteknologi påverkar brukarar, pårørande, tilsette og organisering av heimetenesta. Sjå meir info her: <http://www.lindas.kommune.no/omsorgsteknologi.331496.nn.html>.

Formannskapet nemde også mobil/bredbandsutbygging som sentrale innsatsfaktorar for å kunne vera ein næringsvenleg kommune. I Lindås kommune er dette eit svært sentralt tema som er høgt oppe på dagsorden, og alle næringsplanar i regionen bør aktualisera dette.

Formannskapet poengterte også viktigheten av læringar og fagarbeiderar, dette er eit arbeid som må styrkast og vidareførast.

Formannskapet meinte også at offentlig sektor burde vera meir innovativ, og her bør det komma fleire insentiver for kommunane.

Litt om dei nærliggande planane på overordna nivå:

Overordna mål strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) – første gongs handsaming hjå kommunane	Overordna mål regional næringsplan frå Hordaland fylkeskommune (2013-2017) - vedteken	Overordna mål strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020) – under arbeid	Overordna mål interkommunal næringsplan NUI - utkast
«Bergensregionen skal innen 2025 være ledende i Norge på bærekraftig innovasjon, entreprenørskap og næringsutvikling».	Flere innovative verksemdar som betre nyttar moglegheiter i marknadene	Mongstad skal vidareutviklast som eit internasjonalt leiande industri- og kompetansecluster innan petroleum, energi og industri	«Nordhordland skal vere ein region med sterkt næringsliv og attraktivt bumiljø»
	Større del av gründerar som etablerer berekraftige vekstverksemdar	Nordhordland og Bergensregionen skal verta eit internasjonalt kompetansesenter innan reinseteknologi for CO2 og anna miljøteknologi	
	Flere innovative næringsmiljø, der verksemdene samarbeider tettare seg imellom og med FoU-miljø og deira internasjonale kontaktnett Verkemiddelaktørar som enno betre støt opp om berekraftige verksemdar og næringsmiljø	Nordhordland skal styrkast og synleggjerast som eit leiande logistikknutepunkt i Europa Nordhordland skal verta ein attraktiv og føretrekt region for busetting og oppleving	
	Teke naudsynte politiske avgjerder om (nærings-) areal, utbyggingsmønster og transport som gjev grunnlag for ein berekraftig og konkurransedyktig Bergensregion Flere døme på meir attraktive tenestetilbod og vekstkraft i	Lindås og Austrheim skal vere blant landets fremste næringskommunar	

Litt om dei nærliggande planane på strategiar og fokusområde:

<p>Fokusområder strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) – første gongs handsaming hjå kommunane</p>	<p>Strategiar regional næringsplan frå Hordaland fylkeskommune (2013-2017) - vedteken</p>	<p>Strategiar strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020) – under arbeid</p>	<p>Mål og fokusområde interkommunal næringsplan NUI - utkast</p>
<p>Næringslivets rammevilkår – kommunal- og regionalpolitisk utviklingsoppgave</p>	<p>Meir entreprenørskap og innovasjon</p>	<p>Ny industrireiseing på Mongstad:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Co2 satsinga - Nyskaping og entreprenørskap - Logistikk og hamn - Infrastruktur - Skule, utdanning og kunnskapsdriven næringsutvikling 	<p>Næringsliv (næringslivet i Nordhordland skal vera nyskapande og robust):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Styrke interkommunalt næringsutviklings-arbeid - Legge til rette for mangfald i næringslivet - Styrke eksisterande klynger - Tilgjengeleg næringsareal for å ta imot både kunnskapsintensive og arealkrevjande verksemder - Godt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og utdanning - Auke plan- og byggesakskapasiteten-/kvaliteten
<p>Fysisk og sosial Infrastruktur</p>	<p>Fleire med relevant kompetanse</p>	<p>Ein synleg og tydeleg region:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Allianse og nettverksbygging i Bergensregionen - Aktiv og synleg i nasjonale og internasjonale nettverk - Profilering, kommunikasjon, merkevarebygging og omdømme 	<p>Innovasjon og gründerskap (Nordhordland skal ha eit innovativt miljø der det er lett å etablera seg):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Stimulere til utvikling av gründerar gjennom utdanning - Styrke samarbeidet mellom kommunar, næringsliv og forskingsmiljø - Satse på nettverk mellom små

			<p>næringsmiljø for å få fleire til å delta i innovative prosessar -</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samordne og spisse rettleiinga for etablerarar - Auke innovasjonskompetansen i kommunal tenesteproduksjon
Effektive offentlige tjenester	Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter	<p>Ein attraktiv bu- og opplevingsregion:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Heilskapeleg areal- og næringsutvikling - Reiseliv, turisme, oppleving og aktivitetar - Landbruk - Vidareutvikling av kultur- og aktivitetsregionen - Mangfaldig næringsliv og «jobb nr 2» - Attraktivitetsbarometer Nordhordland 	<p>Bumiljø og tettstadutvikling (Nordhordland skal ha attraktive og varierte bumiljø. Aksen Knarvik-Frekhaug skal vere eit sterkt sentrum, som saman med tettstadane i heile Nordhordland utgjer ein region med klar identitet):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Synleggjere og forsterke fortrinn med gode bustadområde - Leggje til rette for variasjon i bustadtypar og bustadstruktur - Bygge opp om regionalt identitet - Utvikle gode tettstader med gode møteplassar - Få fram urbane kvalitetar i regionsenteret - Byggje opp under samarbeid mellom aktørane i tettstadane
Bygge regionalt omdømme		<p>Aktivt, positivt vertskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samhandling og samarbeid i Nordhordland - Kompetanseutvikling og entreprenørskap - Intern kompetansebygging og utvikling av næringsvenlege kommunar 	<p>Infrastruktur (Nordhordland skal ha tenleg infrastruktur som grunnlag for vidare utvikling):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samla framlegg om regionale utviklingsbehov til regionale planar og utgreiingar -Prioritere ny utvikling langs etablerte infrastrukturuområde -Arbeide for god og trygg infrastruktur for gåande og syklende

<p>Utdanning og forskning</p> <p>Innovasjon, entreprenørskap og endring</p>			<p>- Samla innsats for betre kollektivtilbod, både på sjø, bane og veg</p> <p>- Arbeide for å styrke mobil- og breibandsdekninga i regionen</p>
---	--	--	---

Oversikt over aktiviteter, tiltak og handlingar er ikkje inkludert i tabellane ovanfor.

Bakgrunn for planen, ein kort presentasjon av planen og kort om prosess (BrB sin eigen tekst)

Korleis kan kommunane i Bergensregionen og Hordaland fylkeskommune leggje forholda til rette for at næringslivet i regionen skal kunne vekse og utvikla seg på ein god, lønnsam og berekraftig måte? For å få det til er Strategisk næringsplan eit riktig og viktig verktøy.

Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020 er utarbeida etter oppdrag frå byrådsleiaren i Bergen og eit samla ordførarkorps blant Business Region Bergens eigarar. Mandatet gitt Business Region Bergen på selskapets eigarmøte 21.3.2014 var å rullera eksisterande Strategisk næringsplan.

Felles visjon, mål og strategiar for næringsutvikling er eit godt utgangspunkt for å skape ein samla og dynamisk region som i fellesskap skapar vekst og utvikling. Bergensregionen er ein liten aktør i ein global samanheng, men ein stor aktør innen gitte næringsområde. På den globale arena har regionen større moglegheit til å lukkes om ein står samla bak ein felles strategi, slik at kommunane i regionen går i same retning.

Strategisk næringsplan er ein plan for kva det offentlige kan gjere for å tilretteleggje for god næringsutvikling i regionen. Det vil sei at planen er kommunens strategiske verktøy – ikkje næringslivet sin. Planen er Business Region Bergens eigarkommunars felles strategiske verktøy som skal sikra at alle kommunane har felles mål og strategiar for næringsutviklingsarbeidet, slik at regionen i størst mogleg grad handlar og står fram samordna.

Hordaland fylkeskommune har utarbeida ein regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Denne er retningsgivande for arbeidet med denne planen. Dei viktigaste føringane frå denne planen er at den er næringsnøytral og vektleggjer tre hovudstrategiar:

1. Meir entreprenørskap
2. Fleire med relevant kompetanse
3. Ein velfungerende Bergensregion med attraktive regionale sentre

Strategisk Næringsplan for Bergensregionen er utforma som eit dokument som svarar på næringslivet sine behov og forventningar innen dei rammer kor det offentlege meiner dei kan

og ynskjer å bidra. Dette er så manifestert i eit sett av fokusområder med tilhøyrande målformuleringar som kommunane skal ta tak i, samla og/eller kvar for seg.

Det er utarbeidet ein egen tiltaksdel som skal rullerast kvart andre år. Kvart enkelt tiltak får ein tiltakseigar som vert ansvarleg for realiseringa av tiltaket.

Målformuleringa som leggjers til grunn i planen er at:

«Bergensregionen skal innen 2025 være leiande i Norge på innovasjon, entreprenørskap og berekraftig næringsutvikling».

I tillegg til bedriftene sin hovudoppgave, som er å skape verdier og økonomiske resultater innen rammen av lovar og reglar i det samfunn dei opererer i, handler berekraftbegrepet om at sosiale og miljømessige hensyn integrerast i dagleg drift og i forholdet til næringslivet sine interessenter. Berekraft inneberer altså meir enn å overhalde eksisterende lover og regler.

Planen er bygd opp som følgjer:

Næringsnøytral presentasjon av regionens næringsliv. Kapitlet indikerer likevel tydeleg kor regionen har styrst vekstpotensial og dei største komparative fortrinn. Det leggjers ikkje opp til politiske vedtak knyttet til Kapittel 1 og tilhøyrande vedlegg.

Planen trekkjer opp linjene for kva næringslivet sjølv har kommunisert er deira behov for bidrag fra det offentlege. Hovudkilden for dette kapitlet er Bergen Næringsråds løpande kartleggingsarbeid, samt innspel frå NHO Hordaland knytta til resultat frå NHO sine årlige undersøkelser «kommune NM» og nærings NM».

Seks fokusområder kor det offentlege kan gjere ein innsats for å møte næringslivets behov:

1. Næringslivets rammevilkår
2. Fysisk og sosial infrastruktur
3. Effektive offentlige tenester
4. Bygge regionalt omdømme
5. Utdanning og forskning
6. Innovasjon, entreprenørskap og endring

Kvart fokusområde er skildra med mål og strategiformuleringar. Fokusområda dannar grunnlag for tiltaksplanen. Fokusområda skal gjennom politisk behandling.

Tiltaka skal være påbegynt og helst gjennomført dei neste to år. Tiltaksplanen skal rullerast kvart andre år. Tiltaka er knytta til ein tiltakseigar som skal utarbeida beskrivelsar som dekker kvifor dette tiltaket skal gjennomførast. Business Region Bergen er av eigarkommunene gitt ansvar for oppfølging av tiltaksplanen. Tiltaka skal politisk handsamast. Tiltaka er trykket i eit sjølvstendig dokument.

Kort om prosessen og vidare arbeid

Business Region Bergen har hatt ei leiande rolle i å få utforma planen. Planen er skapt gjennom eit utstrakt samarbeid mellom ulike interessentar som representantar frå kommunane, nettverksorganisasjonane, Norwegian Centres of Expertise (NCE'ene), næringsorganisasjonane, NHO, LO og universitets- og høgskolesektoren i regionen. Viktige representantar for desse har utgjort Arbeidsgruppe og Referansegruppe for arbeidet med

planen saman med representantar frå kommunane (inkl. Hordaland fylkeskommune). Det framlagde dokument er soleis eit omforent forslag frå alle aktørane i prosessen. Samarbeidsproduktet er ytterligare styrka gjennom konstruktive og forpliktande innspel i høyringsrunden.

Etter konklusjon frå Eigarmøte med kommunane i januar har kommunane hatt planen på høyring i perioden mars- april.

Følgende har gitt høyringsuttalelse til planen:

- Hordaland fylkeskommune
- Bergen kommune (administrativ uttalelse frå nærings sjefen)
- Radøy kommune
- Øygarden kommune
- Lindås kommune
- Austevoll kommune
- Sund kommune
- Os kommune
- Samnanger kommune

Representanter frå BRB har presentert planforslaget for formannskapa i desse kommunene. I ytterligere følgjande kommunar har formannskapet fått planforslaget presentert:

- Meland kommune
- Voss kommune
- Tysnes kommune
- Vaksdal kommune
- Fusa kommune
- Osterøy kommune
- Fjell kommune
- Askøy kommune

Planforslaget har også vært på ein generell høyring til næringslivet sine organisasjonar og FoU- og utdanningsinstitusjonane, herunder alle representantar i Referansegruppa for planarbeidet. Følgjende av mottakarane har gitt høyringssvar:

- Universitetet i Bergen
- Høgskolen i Bergen
- Christian Michelsen Research (CMR)
- Innovasjon Norge Hordaland
- LOs distriktskontor i Hordaland
- Entreprenørsforeningen – Bygg og Anlegg (EBA) Vestenfjelske
- Bergen Næringsråd
- Osterøy Industrielag/Industrikonsulenten på Osterøy
- HOG Energi
- Utdanning i Bergen
- Maritimt forum Bergensregionen
- Fiskeriforum Vest (FFV)
- Design Region Bergen
- Media Region Bergen
- Spillmakerlauget/GameDev Norway
- UPTIME Centre of Competence
- NCE Subsea
- NCE Maritime Cleantech West

Innkomne høringsuttalar har gitt sin tilslutning til hovudgrepet i planen. Vidare er hovedvekta av merknadar knytta til tiltaka i tiltaksdelen. Merknadene er i all hovudsak imøtekomen. Gjennom innkomne merknadar har tiltaksdelen blitt betydeleg konkretisert og styrka. Alle tiltak har nå ein ansvarleg tiltakseigar slik planen legg opp til.

Kopi av innkomne høringsuttalelsar følgjer saka.

Ved å etablera ein felles mål- og strategiplan for næringsutvikling vil kommunane utvikla betre samhandling ovanfor næringslivet. I all hovudsak vil viktige tiltak for iverksetting av planens mål og strategiar bli følgt opp gjennom eigne handlingsplanar frå kommunane eller frå grupper av kommunar som eksempelvis gjennom Regionrådet i Nordhordland / NUI.

I tillegg vil nettverksorganisasjonar, næringsorganisasjonane og FoU-institusjonar utarbeida og gjennomføra eigne tiltak som understøttar målsettingar og strategiar i Strategisk næringsplan for Bergensregionen.

På nokre områder vil det være rasjonelt for kommunane å gå saman om å følgje opp mål og strategiar gjennom felles tiltak. Tiltaka vedtas av kommunane og fylkeskommunen som ein del av Strategiske næringsplan.

Den enkelte kommune si eventuelle deltaking i prosjekt må avklarast i ordinære budsjettprosessar. I tiltaksdelen har det einsskilte tiltak ein klart definert tiltakseigar. Tiltaka er prosjekt med eit start- og sluttidspunkt. Kommunane har, blant anna gjennom høringsrunden, signalisert sin interesse for dei ulike tiltaka.

Planforslaget handsamast no av alle eigarkommunane sine kommunestyre og av fylkesutvalet / fylkestinget.

Regionrådet Nordhordland IKS (NUI) er formell eigar i BRB. I samråd med Regionrådet og deiras medlemmar vil planen bli handsama av alle av Regionrådets medlemskommunars kommunestyre.